



Tom Brevik og korpset hadde eit svært godt samarbeid

Sist helg var 42 ungdommar frå ca.25 skulekorps samla til øvingshelg påTertnes. Birgitte Hjelmeland (althorn), Eirin Rørheim Kjærland og Vegard Døssland (begge kornett) representerte vår bygd på samlinga



Vegard som solist

Det var ein dyktig dirigent som hadde det musikalske ansvaret. Tom Brevik er velkjend som tidlegare musikksjef i både TV2 og NRK så vel som tidlegare dirigent for toppkorpsa Manger og Eikanger-Bjørsvik og andre dyktige ensemble i inn- og utland. At det var ein verkeleg toppdirigent som hadde samarbeidd med dei unge dyktige muskarane, var konserten søndag ettermiddag det beste beviset på. Her fekk publikum oppleve eit variert og publikumsvennleg konsertprogram av særst god kvalitet. Dette var ein av dei absolutt beste konsertane HUBB har presentert, og publikum viste gjennom heile konserten at dette

sette dei stor pris på. Naturleg nok vart dette vist ved gjentekne trampeklapp.

Flinke solistar vart og presentert. Vegard var sentral i så måte. Han var mellom anna flûgelhornsolist i SigmundGroven sin vakre «Vinterland»(arr. T. Brevik), medan han spela kornett som ein del av ein solistkvartett i det nydelege stykket «In the summer of my Dreams», også i eit arrangement av T. Brevik.

Dei 3 andre solistane der var Kristine Torgersen (flûgelhorn), Lars OttoTorsvik (euphonium) og Vilde Gaupholm (trombone).

HUBB er eit kjempegodt tilbud til ivrige korpsmusikantar. Denne helga var dei svært godt fornøgde. Omkvedet var at det hadde vore ei sær s lærerik og utviklande helg med eindyktig læremeister i Tom Brevik.

Og kjekt er det alltid, for det praktiske og sosiale tar dei fantastiske eldsjelene Kjersti Pisani og Ole Johan Aarlie seg av.

I tillegg til dei 3 uskedelingane, var og 3 andre kvinneheringar med på denne inspirerande helga.

Det var Julie Skeie Olsen og Vilde V. Skåle, begge frå Rosendal skulekorps, og Joar Kyo Berg frå Husnes skulekorps.

Tekst og foto: Thor Inge Døssland



Delar av kornettgruppa